



Arkivnr: 2018/596-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om status i høve innføring av ny personvernlov

Bakgrunn for saka:

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR) er vedteken og vart gjeldande for Noreg frå 20. juli 2018. Dette medfører ei rekke endringar i norsk personvernlovgiving. All handsaming av personopplysningar skal gjennomførast i tråd med dei nye lovreglene. Arbeid med å tilrettelegge for å sikre oppfølging av regelverket vil difor vera ei viktig oppgåve for kommunane i tida framover.

Kontrollutvalet fekk orientering om status for dette arbeidet i møte 05.02.18 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 27.02.2018.*
- 2. I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 12.03.2018 for å orientere munnleg om saka.*

Dei 7 spørsmåla det vert vist til i punkt 1 i vedtaket lyd slik:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

Fylkesrådmannen har orienterte i kontrollutvalget om status på dette arbeidet i møta 12.03.2018, 24.09.2018 og 06.05.2019. I det siste møtet vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i møte i utvalet 25.11.2019.*
2. *Den skriftlege statusen bes sendt sekretariatet innan 04.11.2019.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Drøfting:

Sekretariatet har mottatt vedlagte skriftlige orientering i tråd med punkt 1 i vedtaket over. Av den skriftlege tilbakemeldinga går det fram at fylkesrådmannen har sett i gang mange positive prosessar og kome noko lenger enn ved førre rapportering for å få på plass rutinar, prosedyrar mv. for å sikre at Hordaland fylkeskommune tilpassar seg ny personvernlovgjeving. Det går likevel fram av tilbakemeldinga at det framleis er ein omfattande jobb å gjera for å etterleve lovpålagte plikter etter personvernlovgjevinga.

Vidare går det fram av tilbakemeldinga at noverande personvernombod skal slutte i fylkeskommunen ved slutten av året. Ho har difor i punktet avsluttande kommentarar kome med ein del råd for kva som må på plass i Vestland fylkeskommune for å sikre etterleving av lovpålagte plikter etter personvernlovgjevinga. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmode fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune om å komme med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Det er også avtalt at personvernombod, Marianne Seim, deltar i møtet for å gje kontrollutvalet ei munnleg orientering i tråd med punkt 1 i vedtaket over.

Konklusjon:

På bakgrunn av den skriftlege orienteringa, og dersom det ikkje kjem fram noko nytt i den munnlege orienteringa, vert det tilrådd at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune om ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.
2. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Status til Kontrollutvalget november 2019